



VERDSARV

Geirangerfjorden

ÅRSMELDING

OG

REKNESKAP

2017



– vår fjordarv vår framtid



Padling var ein av aktivitetane på friluftscampen i Herdalen.

Bilete på framsida:

Prosjektet med istandsetjing av Ljøkaia vart ferdig i 2017.
Der ikkje anna er opplyst, er fotografen Merete Løvoll Rønneberg.

Innhald

1.0 Stiftinga	4	5.0 Istandsetjing - kulturarven	20
1.1. Styret Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv, samansetting	4	5.1 Ljøkaia	20
1.2. Fagrådet	4	5.2 Stabbur Norsk Fjordsenter	20
1.3. Verksemda sitt føremål	4	5.3 Storfjordens Venner	21
1.4. Dagleg leiing	4		
1.5. Revisor og rekneskap	4	6.0 Forsking, ivaretaking og utvikling «Grøn fjord 2020»	22
2.0 Finansiering	5	6.1 FoU	22
2.1. Møre og Romsdal fylkeskommune	5	6.2 Berekraftig ivaretaking og utvikling	27
2.2. Miljødirektoratet	5		
2.3. Fylkesmannen i Møre og Romsdal - verneområdestyret	6	7.0 Drift / administrasjon	32
2.4. Fylkesmannen i Møre og Romsdal - utsiktsrydding	6	7.1 Tilsette	32
2.5. Møre og Romsdal Fylkeskommune - kulturvern	6	7.2 Bygg/eigedom	32
2.6. Riksantikvaren	6	7.4 Brann	33
2.7. Gåvemidlar	6	7.4 Tekniske installasjonar/ anlegg	33
2.8. Andre bidragsytarar	6	7.5 Miljøfyrtårn	33
3.0 Formidling og kompetanseheving	7	8.0 Norsk Fjordsenter	34
3.1. Utbetringar og utstillingsarbeid ved Norsk Fjordsenter	7	8.1 Besøkande	34
3.2. Verdsarvhus Hellesylt	8	8.2 Visning og pressegrupper	34
3.3. Formidlingsarbeid mot skular	8	8.3 Butikk	35
3.5. Fjordheimen Tursekk	11	8.4 Kafé	35
3.6. Film	11	8.5S Kjennekontroll	35
3.7. Kompetanseheving	13	8.6 Mattilsynet	35
3.8. Deltaking på ulike seminar og samlingar	15	8.7 LO si sommarpatrolje	35
3.9. Foredrag, samarbeid og oppdrag for andre	15	8.8 Marknadsaktiviteter 2017	35
4.0 Naturvenleg tilrettelegging	17	9.0 Rekneskap	35
4.1. Turskiltprosjektet – informasjonstiltak, skilting og merking i terreng	17		
4.2. Råsrydding	17		
4.3. Tilretteleggingstiltak i Skagehola	17		
4.4. Bistand i arbeidet til verneområdestyret	19		
4.5. Utsiktsrydding	19		

Styret si årsmelding

1.0 Stiftinga

Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv vart oppretta på stiftingsmøte den 30. mars 2009 av stiftarane; Norddal kommune, Stranda kommune og Møre og Romsdal fylkeskommune.

1.1. Styret Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv, samansetting

Styret hadde i 2017 følgjande samansetting, i tråd med vedtektenes § 4 - 1:

Styret	Namn	Reprenterer
Styreleiar Styremedlem f.o.m 7.6.2017	Willy J. Loftheim	M&R fylkeskommune
Nestleiar Styreleiar f.o.m 7.6.2017	Jan Ove Tryggestad	Stranda kommune
Styremedlem Nestleiar f.o.m 7.6.2017	Arne Sandnes	Norddal kommune
Styremedlem	Kristin Krohn Devold	Felles vald representant frå stiftarane
Styremedlem	Siv Aksdal	Fagrådet

Styret har gjennomført 3 styremøte i 2017 og behandla 26 saker.

Styret bidreg til bevaring og styrking av fellesskapen og engasjementet i verdsarven Vestnorsk fjordlandskap, gjennom at styreleiar, nestleiar og eit styremedlem har fast representasjon i Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap. Jan Ove Tryggestad er nestleiar av Verdsarvrådet i perioden 2016-17. Rådet har hatt eitt møte i 2017.

1.2. Fagrådet

Fagrådet er stiftinga sitt konsultative råd i faglege spørsmål. Fagrådet vert samansett med representantar frå offentlege og private institusjonar innan fagfelte naturforvaltning, kulturminneforvaltning, forskingsinstitusjonar og andre relevante kompetansmiljø. I alt 20 personar sit i Fagrådet.

Det er gjennomført eit møte i 2017, der det var særleg fokus på lokal forankring av verdsarvarbeidet.

1.3. Verksemda sitt føremål

Stiftinga sitt ideelle føremål er;

- å utvikle kompetanse innan vern, bevaring og formidling av naturarven Vestnorsk fjordlandskap,
- å drive ei berekraftig utvikling av det unike verdsarvområdet,
- å representere ein arena for vitenskapelig forskning på området,
- samt vere premissleverandør overfor myndigheiter,

i tråd med artikkel 5 e) i UNESCO konvensjonen, samt anna som elles står i naturleg samanheng med dette.

1.4. Dagleg leiing

Katrin Blomvik er dagleg leiar i Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv. Ho hadde permisjon i 2017 i samband med fødsel. Merete Løvoll Rønneberg var tilsett som vikar i stillinga til Katrin. I perioden 2016-17 har sekretariatfunksjonen for Vestnorsk Fjordlandskap vore lagt til Nærøyfjorden Verdsarvpark.

1.5. Revisor og rekneskap

Rekneskapsfører er Økonsult AS, Stranda. Stiftinga sin revisor er statsautorisert revisor Jens Arne Hagen, Stranda.





Opninga av kunstutstillinga til Olav Harald Ulstein vart markert med ein intimkonsert på Fjordsenteret.

2.0 Finansiering

2.1. Møre og Romsdal fylkeskommune

Geirangerfjorden Verdsarv mottok eit fast årleg driftstilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune. I 2017 utgjorde dette kr 1,640 millionar. Inntektsført driftstilskot for 2017 omfatta delfinansiering av faste driftskostnader som husleige m.m. I tillegg er det inntektsført kr. 80.000 til dekning av avskrivning på inventar i nytt kontorbygg.

På slutten av 2017 vart det søkt om tilskot til Grøn Fjord konferansen 2018. Miljøavdelinga i fylkeskommunen løyvde kr 100.000 til formålet. Beløpet vert inntektsført i 2018.

2.2. Miljødirektoratet

Stiftinga søkte om og mottok kr. 1,800 million i grunntilskot til drift av funksjon som verdsarvsenter.

Det vart søkt om kr 500.000 til oppgradering av utstilling og utstillingsareal, samt formidlingstiltak. Miljødirektoratet løyvde kr 280.000 til dette formålet.

Til oppfølging av Vestnorsk Fjordlandskap vart det løyvd i

alt kr 2,300 mill. Kr 1,200 mill. av dette gjekk til administrasjon og sekretariatsfunksjonar for verdsarven i tillegg til oppfølging av twinningsarbeid med Glacier Bay i Alaska.

Kr 500.000 av det løyvde beløp er planlagt brukt til etablering av eit verdsarvhus eller verdsarvutstilling i Peer Gynt senteret på Hellesylt. Dette prosjektet er forseinka slik at midlane vart søkt overført til 2018.

Resterande tilskot, kr 600.000, vart løyvd til samarbeid med Universitetet i Bergen, naturvennleg tilrettelegging og skjøtsel, arbeid med ny webside, skiltplan og stiftinga sitt arbeid innanfor prosjektet Grøn Fjord. Ein del av desse midlane er søkt overført til 2018, då det viste seg å vere vanskeleg å gjennomføre alt i 2017.

Det vart søkt Miljødirektoratet om tilskot til prosjektet eLæring. Direktoratet løyvde kr 600.000 til formålet.

På slutten av 2017 vart det søkt om ekstra tilskot til Grøn Fjord konferansen 2018. Miljødirektoratet løyvde kr 150.000 til formålet. Beløpet vert inntektsført i 2018.

Det er inntektsført kr 230.000 av tidlegare mottokne investeringsmidlar til fornying av utstilling. Beløpet tilsvara årleg avskrivning.



Lyssetjing av Fossevandringa. Gåve frå Sparebanken Møre.

2.3. Fylkesmannen i Møre og Romsdal - verneområdestyret

Stiftinga fekk i 2017 overført kr 808.000 i tilskot frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal / verneområdestyret for tiltak i verneområdet. Dette er tilskot som ikkje er inntektsført. Tiltak er venta gjennomført i samarbeid med verneområdestyret i 2018.

2.4. Fylkesmannen i Møre og Romsdal - utsiktsrydding

Til eit prosjekt med utsiktsrydding vart det i 2016 løyvd kr 350.000. Ein del område langs FV63 på Grande og i Maråkstranda vart rydda i 2017 og prosjektet vil halde fram i 2018. Statens Vegvesen løyvde også kr 62.000 til prosjektet i 2017

2.5. Møre og Romsdal Fylkeskommune - kulturvern

Stiftinga fekk i 2014 løyvd tilskot til restaurering av Ljøkaia på Hellesylt. Dette arbeidet vart fullført i 2017 og kr 1.142.257 vart inntektsført til dekning av kostnader med arbeidet.

Det vart søkt om tilskot til restaurering av stabbur som står på Norsk Fjordsenter sin eigedom.

Fylkeskonservator løyvde kr 280.000 til prosjektet. Arbeidet kom i gang på hausten, og kr 69.000 er inntektsført. Resterande vart søkt overført til 2018.

2.6 Riksantikvaren

Det vart søkt om midlar til eit forprosjekt for å undersøke mulegheiter for å ta i bruk og leige ut gamle hus; fjordgardar, sæterhus og andre gamle bygg som ikkje er i bruk. Riksantikvaren løyvde kr. 100.000 til formålet og prosjektet vart gjennomført i 2017.

2.7 Gåvemidlar

Stiftinga fekk tilsegn om gåvemidlar på kr. 100.000 frå Gjensidigefondet i 2017 til skiltarbeid. Dette kjem i tillegg til tidlegare års tildelingar. Det står no kr 740.000 til disposisjon av midlar frå Gjensidigefondet.

Stiftinga har tidlegare år motteke sponsorstøtte til utviklinga av barneformidlingskonseptet Fjordheimen. I 2017 har det vore gjennomført ein del mindre tiltak slik at det ved utgangen av året er kr 15.000 til rest av midlane.

I 2017 gav Sparebanken Møre tilsegn om ei gåve på kr 500.000 til lys i fossevandringa. Dette er eit kommunalt prosjekt, men stiftinga er kontakt mot banken og vil formidle midlane vidare til kommunen. Prosjektet vert gjennomført i 2018.

2.8 Andre bidragsytarar

Tilskot frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Norddal kommune i samband med prosjektet «Grønt Landbruk Eidsdal» er inntektsført med totalt kr 108.000. Prosjektet vart avslutta i 2017

Kunnskapsdepartementet/Unesco-kommisjonen løyvde kr 150.000 til prosjektet eLæring. Miljødirektoratet har også løyvd midlar til dette prosjektet.

3.0 Formidling og kompetanseheving

3.1 Utbetringar og utstillingsarbeid ved Norsk Fjordsenter

Utbetringar ved Norsk Fjordsenter – utstillingar og kino

Arbeidet med fornying av utstillingane ved Norsk Fjordsenter avslørte behov for å få gjort noko med styringssystema og nettilgangen i utstillinga. Grunna dels store vanskar med digitale skjermar og andre tekniske problem, har tilsette fått mykje ekstra arbeid. Dette er tatt tak i, og vonleg løyst.

Vi har inngått avtale med Istvan Gaspar for årleg kontroll og oppfølging av det tekniske anlegget i utstillinga.

Vandreutstilling: Landskap i endring

Vandreutstillinga «Landskap i endring» frå NIBIO har vore presentert på Norsk Fjordsenter frå april-desember. Utstillinga syner før og no gjennom bilete frå ulike naturlandskap rundt i Noreg. For oss er utstillinga særleg interessant i tilknytning til kulturlandskapsaka og attgroingsproblematikken. Utstillinga har vore godt besøkt, og gjesteboka har

mange fine tilbakemeldingar både på denne, dei øvrige utstillingane våre og området generelt.

Kunstutstilling i «Spissen» på Norsk Fjordsenter

I 2017 vart det gjort avtale med sykkylvskunstnaren Olav Harald Ulstein om ei salsutstilling med hans vakre måleri frå den norske fjellheimen. Utstillinga har stått hos oss frå april-oktober. Gjennom slike kunstutstillingar, ynskjer vi særleg å setje fokus på kriteriet naturvenleik, som eit av hovudkriteria for at området vårt står på verdsarvlista. Vi markerte opninga av innstillinga med lokale songarar og musikarar og eit triveleg program i utstillingslokala i mars.

Basisutstilling for dei norske verdsarvstadane

Arbeidet med basisutstillinga går i regi av Norges Verdensarv. Vi deltok på samling knytt til utstillingsarbeidet i februar 2017, og utover våren vart det lagt ned mykje arbeid saman med Nærøyfjordområdet og tekstforfattar Elin Tinholt for å utvikle tekstane som skal presentere vårt verdsarvområde.



Inger LIne Flydal gjert klart til sesongen i utstillingane på Fjordsenteret.



Arbeidet med etablering av ei verdsarvutstilling på Per Gynt Galleriet starta opp i 2017.

3.2 Verdsarvhus Hellesylt

Arbeidet med å lage ei utstilling i ein av dei viktige innfallsportane til verdsarvområdet vårt har vore tidkrevjande, og vi er ikkje heilt i mål enno. Frå starten av planla vi etablering i Peer Gynt senteret. Her er dei eineståande trerelieffa til Oddvin Parr allereie utstilte. Diverre måtte styret for senteret gjennom ein svært krevjande prosess på vårparten for å unngå konkurs. Bygget kom etter kvart over på lokale hender, og det vart skapt ny entusiasme i bygda. Men dette gjorde òg at vi tapte tid.

Det er gjennomført bygdemøte for å informere og involvere folk i arbeidet. Ei lokal prosjektgruppe arbeider konsentrert med prosjektet der vår formidlingsleiar styrer prosessen. Gruppen er elles sett saman av Kari Stadheim, Lena Parr, Odd Normann Hoff og Geir Frøysa. Det er laga grovplanar for utstillinga og ein har inngått avtale med utstillingsdesignar Anne Jorun Sæten. Tanken er at utstillinga reint tematisk skal fokusere på kriteriet naturvenleik, og vise korleis naturen på ulike måtar har vore ei inspirasjonskjelde. Det er viktig å knyte verdsarvutstillinga til dei eksisterande trerelieffa på ein god måte.

3.3 Formidlingsarbeid mot skular

Verdsarvskulen Eidsdal

Eidsdal skule har dei siste åra gjort eit stort arbeid for å implementere verdsarv som tema i alle/flest mogleg fag i skulen, på alle steg. Dette året har Foreldrerådet tatt initiativ til at satsinga på verdsarv skal synleggjerast meir og løftast opp på eit høgare nivå. Det vert arbeidd for at skulen skal utviklast som ein pilotskule på tema verdsarv, og ein har skissert nokre hovudsatsingsområde. Dette er presentert både for foreldre og bygdefolk for å syte for god

forankring. I tillegg er det presentert både for administrasjonen og kommunestyret i Norddal. Foreldre og skulen har fått svært gode tilbakemeldingar, og i desember vart det gjennomført eit arrangement der ein avduka nytt skilt på skulebygget: «Verdsarvskulen Eidsdal». SGV har vore invitert med som ein del av arbeidsgruppa som jobbar med satsinga. Det er knytt kontakt mot både Universitetet i Bergen og Høgskulen i Volda med tanke på å utvikle nye, innovative arbeidsmåtar.

I mai jubilerer skulen som 30-åring, og også då vart verdsarven markert. Vår formidlingsleiar hadde skrive eit eige skodespel for elevane på mellomsteget som dei framførte saman med Gaute Gneis.

Satsing på Geiranger skule

Eidsdal skule har invitert med Geiranger skule som bitjar i sitt arbeid. Geiranger skule ynskjer også å bli flinkare til å ta i bruk verdsarven i undervisinga, men er ikkje så langt komne. Stiftinga har gjennomført eitt møte med Geiranger skule seinhaustes, der vi både informerte om verdsarven og drøfta korleis skulen kan komme vidare.

«Fjordheimen» på skulane

Vi gjennomførte i haust eit opplegg over 3 skuletimar for elevane i 1.-7. klasse på Eidsdal skule: Her tok vi utgangspunkt i barnekonseptet «Fjordheimen»: Dramatisering av nyskrivne skodespel, og 8 amatørskodespelarar i aksjon. Denne gongen henta vi halvparten av aktørane frå drama-lina ved Fagerlia vidaregåande skule. -Veldig kjekt å få med ungdommar i dette formidlings- og undervisingsopplegget. Dramatiseringa vart fylgd opp med leikbaserte kunnskap-soppgåver ute og inne der Gaute Gneis hadde regien.

Seinare på hausten hadde vi eit eige undervisingsopplegg for mellomsteget i Geiranger. Dei besøkte oss på Norsk





Verdsarvskulen i Eidsdal.



Det vart arrangert fellestur til Kallskaret i samband med Friluftscampen.

– vår fjordarv vår framtid



VERDSARV
Geirangerfjorden



Skuleelevar på ekskursjon til Blautgrjothola ved Eidsdal saman med geolog frå UiB.

Fjordsenter og fekk formidla kunnskap om landskap, landskapsformer og korleis landskapet vert til.

Formidling for eldre elevar

Som tidlegare år har vi også i år hatt nokre foredrag for elevar frå vidaregåande skule som har besøkt Norsk Fjordsenter. Dette skjer i hovudsak ved avslutninga av skuleåret. Om lag på same nivå som tidlegare år.

Elevopplegg med Universitetet i Bergen (UiB)

I mai inviterte vi til undervising med geologane Henriette Linge og Atle Nesje frå UiB. Dei gjennomførte to ulike opplegg:

- Mellomsteget: Kvifor ulike steinblokker ligg der dei ligg. Utrekning av volum og masse.
- Ungdomsskolen: Ekskursjon til Brautgrjothola i Eidsdal. Sjå på bergartane der.

Friluftsupplegg på kulturdag Norddal kommune

Formidlingsleiar var innleigd som instruktør på kulturdagen for mellomsteget i Norddal kommune. Vi gjennomførte der eit opplegg med bygging av stor gapahus i «Trollslogen» i Øyane i Eidsdal. Innlagt natursti med fokus på miljø

og forsøpling på veg til campområdet. Kring 20 elevar deltok saman med 3 lærarar.

3.4 Barnekonseptet Fjordheimen

Ved sida av opplegg på skulane, har vi også i år hatt oppdrag på scenene i lokalområdet.

- Jubileumsforestilling på Eidsdal skule (berre Gaute Gneis)
- Eidsdalsrøra i mai
- Hellesyltdagane i juli

Dette året er det òg sydd eit nytt bakteppe til Fjordheimenforestillingane. Dette er gjort i eigen organisasjon. Tepet er om lag 2,5 meter høgt og 10 meter breitt. Det er meininga å vidareutvikle arbeidet endå meir gjennom elevsamarbeid.

Vi har også inngått nytt samarbeid med Borgund vgs. tekstil og design, og dei er i gang med å sy tre nye kostyme til oss. Desse vert ferdige våren 2018.



Fjordheimen tursekk inneheld viktig friluftsutstyr og kan lånast ut frå Norsk Fjordsenter og nokre andre stader.

I desember var vi rundt på alle barnehagane i kommunane Norddal og Stranda og leverte ut julegåver (Moder mantel termos) til alle borna. I samband med dette laga vi til ei enkel eventyrstund med tema knytt til verdsarven for dei barnehagane der dette passa.

3.5 Fjordheimen Tursekk

Tursekken vart ferdigstilt sommaren 2017 og kan no lånast ut frå Norsk Fjordsenter og Petrine's Gjestgiveri. Frå komande vår skal den også kunne lånast ut frå Solvang camping i Eidsdal.

Vi har utrusta sekken med viktig friluftsutstyr som folk flest bør ha med på tur. I tillegg er det laga eit lite hefte om trygg ferdsel, kultur, natur og andre ting som det er fint å vite litt om når ein er på tur i området. Hftet er laga på norsk og engelsk.

Sekken er utrusta med topografisk turkart, bygdenært turkart, 2 turkoppar i tre, speidarkniv, fyrstehjelpsutstyr, kompass, 2 sitjeunderlag.

Sekken kan lånast mot å betale eit lite depositum.

3.6 Film

I løpet av dette året har vi fått laga fleire filmar som vi kan nytte i formidlingsarbeidet vårt. To av desse er laga av ungdom knytt til særskilde hendingar:

Eline Eide Grønningsæter laga ein kort film om ungdom som oppmodar til å ta vare på verdsarven vår. Dette skjedde etter at det marine nettverket i Unesco oppmoda ungdom i alle verdsarvområda til å sende inn sine filmsnuttar i samband med Worlds Osean Day.

Ho laga òg ein film om kulturlandskapet og ungdom sine tankar om å ta vare på denne arven. Filmen vart vist på kulturlandskapsseminaret i mai.

Martin Kristoffersen har arbeidd med å lage ein film som skal promotere området vårt i vinterhalvåret, og vise kva kvalitetar verdsarven kan by på i den kalde årstida. Grunna ein svært dårleg snøvinter i fjor, er han ikkje heilt i mål med denne.

Han lagar òg ein film om arbeidet til Stiftinga.

Undervegs i desse to hovudproduksjonane har han laga eigne filmprodukt frå både turen over Vinsåshornet og frå friluftscampen i Herdalen.

Kristoffersen har òg laga ein fin film som viser fram tilbodet på Norsk Fjordsenter.

Formidlingsleiar har laga utkast til dreiebok for alle produksjonane. Mange lokale personar har stilt opp som statistar, og det set vi stor pris på.

– vår fjordarv vår framtid



VERDSARV
Geirangerfjorden



Foredrag med Atle Nesje i Olagarden, Tafjord

3.7 Kompetanseheving

E-læring for reiselivet

Vi fekk midlar til dette prosjektet gjennom Verdiskapingsprogrammet for naturarven og gjennom Unesco Norge. Det er planlagt å presentere ein fyrste del av plattformen under Grøn fjord konferansen 2018.

Alle Grøn Fjord partnarane (over 80 bedrifter/organisasjonar) er kopla på i prosjektet og har fått god informasjon undervegs, samt at dei vert nytta som sparringpartnarar. Vi har valt å leggje verktøyet inn på den etablerte plattformen «Make my course» som Vertskapet Utvikling nyttar i samarbeid med Xpectum. Samarbeidet her er det same som Innovasjon Norge tilrår.

Når det gjeld det faglege innhaldet, leverer Stiftinga i samarbeid med Geiranger Utvikling hovudtyngda av dette, og materialet vert bearbeidd av TIBE Molde. Vi har inngått avtale med TIBE slik at dei står ansvarleg for endeleg utval av tekstar, bearbeiding, filming og foto.

Plattformen vert delt i tre nivå: Basis (nivå 1) (for alle som kjem i kontakt med tilreisande), Guidar og vertskap (nivå 2) og Ekspert (nivå 3) (for tilsette på verdsarvsenteret og andre som ynskjer høgare kunnskap). Målsetjinga er at vi i alle fall skal ha nivå 1 og helst nivå 2 klart til sesongen 2018.

Geologikurs i felt for lærarar

I mai vart det gjennomført eit geologikurs i felt for lærarar. Kurset gjekk denne gongen i Synnlyven, og vi var på fleire stader oppover i Sunnlyvsbygda der vi såg på både land-

skapsformer generelt, ulike typar ras, skred og fonner, og berggrunnen. Under turen vart vi òg tatt med til det som kan vise seg å vere ei umåteleg stor jettegryte. UiB ynskjer å undersøke lokaliteten grundigare.

Deltakarane på kurset var frå fleire skular i lokalområdet.

Kveldsseminar med Atle Nesje i Tafjord

Sist sommar arrangerte vi eit miniseminar med geologiprofessor Atle Nesje. Dette vart lagt til Olagarden i Tafjord og trekte fullt hus i den vesle stova. Temaet var «Kva klima sunnmøringen truleg må bu seg på i framtida», og vi fekk ei interessant forelesing om årsaker til klimaendringar og kva konsekvensar dei kan få.

Geologi-kveldstur i Gråsteindalen

I juli inviterte vi òg med folk på tematur i Gråsteindalen ein kveld. Henriette Linge hadde ansvaret for det faglege opplegget og tok gruppa med opp til Grandevatnet medan ho fortalde om landskapsformasjonane ikring oss. Kring 15 personar deltok.


Kurs for guidar

Vi held sjølve to kurs for guidar som opererer i Geiranger, og temaet var sjølvstøtt verdsarv og kunnskap om verdsarvlandskapet og verdiane.

Fyrstehjelpskurs

Vi arrangerte fyrstehjelpskurs for eigne tilsette og inviterte òg med Geiranger Fjordservice. Stranda Røde Kors var ansvarlege for det faglege opplegget. Kveldskurs over 4 timar med praktisk øving.

Kveldstur i Gråsteindalen med geolog Henriette Linge.





Lokale bønder fortalte om sin situasjon under Kulturlandskapsseminaret i Geiranger.



Nordiske Verdsarvkonferanse vart arrangert i Rauma, Finland i 2017. Her frå gamlebyen som står på Unesco si verdsarvliste.

3.8 Deltaking på ulike seminar og samlingar

Formidlingsleiar/Verdsarvkoordinator (Merete) deltok på Miljødirektoratet si senter-samling som i 2017 var lagt til Færder fyr og Ilene ved Tønsberg (to våtmarksområde).

Verdensarvforum var lagt til Hammerfest og Struves Meredianboge. Frå vår organisasjon deltok Verdsarvkoordinator/formidlingsleiar og senterleiar (Inger Line). Diverre greidde vi ikkje å få med representantar frå styret eller politiske representantar, men heldigvis stilte leiaren for vårt verdsarvråd, Hans Erik Ringkjøb. I samband med samlinga besøkte vi òg på eiga hand verdsarvsenteret i Alta. Under denne samlinga vart òg 10-års jubileet til Norges Verdensarv markert.

Den nordiske verdsarvkonferansen vart arrangert i Rauma, Finland og gjekk over fire dagar i september. Formidlingsleiar/koordinator deltok som den einaste frå Geirangerfjorområdet. Gamle byen i Rauma står på verdsarvlista som eit einestående døme på ein gammal nordisk by med original trehusbebyggelse. Sentrale tema under samlinga var å leve med verdsarven og kommunal involvering i verdsarv.

Samling for VA-koordinatorane vart arrangert på Hamar i oktober. Fungerande verdsarvkoordinator (Merete) deltok frå SGV. Ved sida av aktuell informasjon frå departement og direktorat, m.a. om prosjektet World Heritage Leadership, vart det fokusert på arbeid med forvaltingsplanar, og på tema verdsarv og turisme.

Verdsarvstiftinga avvikla si årlege strategisamling på Brimistugu i Lom. Fungerande dagleg leiar/formidlingsleiar, senterleiar og administrasjonsleiar deltok saman med styreleiar Jan Ove Tryggestad. Samlinga vart innleia med besøk på Jostedalbreen Nasjonalparksenter i Oppstryn og deretter på Fjellsenteret på Lom, før vi var innom Torgeir Garmo sitt steinsenter. Både desse besøka og strategisamlinga i seg sjølv gav fagleg verdifulle dagar.

Fagrådet vårt hadde samling med arbeidsverkstad i Geiranger i juni. Hovudfokus vart lagt på lokalt forankring av verdsarvarbeidet. Dette er eit tema ein aldri vert ferdig med. Det kom gode innspel frå fagrådet. Elles vart det òg drøfta framtidig FoU-samarbeid og bruk av FoU-strategien vidare.

3.9 Foredrag, samarbeid og oppdrag for andre

Foredragsaktivitet har dette året i sin heilskap blitt gjennomført av fungerande dagleg leiar. Vi har helde foredrag ved desse høva:

- Konferanse Miljøhamn, Valldal (Glacier Bay modellen)
- Jubileum Norddal SV, Valldal (Grøn fjord arbeidet)
- Næringskonferanse Sandane regi SV (Grøn fjord arbeidet)
- Rauma kommune, besøk i Geiranger. (VA, senter, grøn fjord)
- Verdsarven Vega, besøk i Geiranger. (Senterdrift, utstillingar, formidling.)
- Kulturlandskapskonferanse i Geiranger (Verdien av kulturlandskap for VA)
- Partnerskapsamling GF (GF arb. sidan siste samling)
- Ålesund FHS (naturverdiar og kulturarv i GF-omr.)
- Vestborg VGS (VA-området, natur & kultur)
- Guideopplæring om VA x2
- Seminar Ny landbrukspolitikk, Geiranger. Regi M&R Bonde og småbr. (Verdien av kulturlandskapet i VA-området)
- Bygdemøte i Valldal (SGV sitt arbeid)
- Bygdemøte i Eidsdal (SGV sitt arbeid)

Orienteringar i t.d. VA-forum, lokale møte, koordinator-samling kjem sjølvstakt utanom dette.

Markering av den internasjonale verdsarvdagen

Vi markerte dagen med eit bygdemøte på Fjordsenteret. Program med rebusløp i utstillingane, enkel matøkt og informasjon om arbeidet vårt. Vi hadde òg offisiell opning av utstillinga «Landskap i endring». Frammøtet var godt.

Seminar «Kulturlandskap i fare?»

Verdsarvrådet stod som arrangør av kulturlandskapskonferansen i mai. Målsetjinga med konferansen var å få sett utfordringane kring attgroing av kulturlandskapet på agendaen igjen. Etter at dei to verkemidla «arealtilskot» og «beitetilskot» vart innført, har ein ikkje lukkast med å få på plass dei andre verkemiddelordningane som vart tilrådde i tiltaksplanen.

Utanom verdsarvsystemet sine egne folk, hadde seminare fleire dugande føredragshaldarar som Dag Inge Lønning, Yngve Rekdal og Jens A. Riisnæs. Den politiske debatten vart leia av NRK-profil Geir Helljesen, og panelet var breitt representert av politikarar frå ulike parti. Diverre fekk vi ikkje med folk frå departementa, og det var noko tynn deltaking frå Nærøyfjordområdet.

Konferansen synte likevel stor semje om at kulturlandskapet har så stor verdi at det må setjast inn verkemiddel for å ta vare på det i framtida.



I etterkant av seminaret har Verdsarvrådet sett ned ei arbeidsgruppe som skal sjå på korleis ein kan arbeide for å styrke arbeidet for kulturlandskapet. Det har både vore drøfta korleis ein kan styrke eksisterande ordningar, og det har vore drøfta moglegheiter for ein heilt ny politikk for kulturlandskapet i verdsarven.

Fosseløpet

Tradisjonen tru arrangerte vi «Fosseløpet» opp Fossevandringa i Geiranger i samarbeid med Geiranger IL. Løpet gjekk i mai og samla nesten 50 løparar, der mesteparten var lokale. Martinus Rønneberg sette ny rekord og gjennomførte løypa på sterke 2.12 minutt.

Bygdemøte i Valldal og Eidsdal

Vi arrangerte bygdemøte i Valldal og Eidsdal på haustparten. På begge møta orienterte vi om arbeidet til Stiftinga med hovudfokus på område som var relevante for folk



God deltaking og flott stemning under Fosseløpet.

i desse bygdene. Særleg aktuelt her var råsryddingsarbeidet og skiltingsarbeidet, men òg Grøn fjord arbeidet. Ei viktig målsetjing var å rekruttere fleire Grøn fjord partnerar, samt å motivere fleire til å sertifisere seg som miljøfyrtårn. Begge møta var diverre svært dårleg besøkte.

Markering av eigen verdsarv 14. juli

Vi markerte «bursdagen vår» med fellestur over Vinsåshornet. Merete og Einar var med som turleiarar. Henriette Linge, UiB var med og fortalde frå geologien. Kring 20 personar deltok på turen, og det var stor aldersblanding. På senteret vart dagen markert enkelt med natursti ute og «steinpremiar».

Om kvelden inviterte vi til bålbrekking og grilling av pølser på uteområdet vårt, men her kom det berre nokre få personar.

Friluftscamp for born og unge

Årets friluftscamp vart arrangert i Herdalen i Norddal i samband med den nasjonale markeringa av «geologiens dag». Deltakinga var rekordstor med over 20 born som overnatta i lavvo, padla, bygde gapahuk, laga mat over bålet og dreiv på med ulike leik- og læringsaktivitetar knytt til natur.

Søndagen vart det arrangert fellestur til Kallskaret. Her deltok òg ein god del foreldre og andre vaksne. Vi hadde med oss den lokale «steinmannen» Knut Eldar Relling som fortalte litt om bergartane i Kallskaret då vi kom opp dit. Formidlingsleiar var ansvarleg for leiren og hadde med seg to lokale frivillige som hjelpearar.

Opning av Ljøkaia

I oktober inviterte vi til fest på Ljøkaia saman med grunneigarane for å markere at dette restaureringsarbeidet no var vel i hamn. I forkant av tilstellinga hadde dei òg fått gjort det avsluttande arbeidet med torvlegging av taket på eit naust. Kring 70 personar møtte på kaia og fekk vere med på snorklipping, historieforteljing, song og helsingstalar. Grunneigarane stilte med fersk fisk som vi kokte på staden – eit herleg måltid. Det vart òg dåp av «Beitebåten», og vår formidlingsleiar fekk gleder av å vere gudmor. Båten er laga for å kunne frakte beitedyr ut til dei ulike fjordgardane – eit flott tiltak!

Planlegging Grøn fjord konferansen

Arbeidet med planlegging av Grøn fjord konferansen starta opp på vårparten. På hausten vart det særleg lagt ned mykje arbeid på programmet. Konferansen vert arrangert 8.-9. februar 2018.



Råsrydding i Geiranger.

4.0 Naturvenleg tilrettelegging

4.1 Turskiltprosjektet – informasjonstiltak, skilting og merking i terreng

Grunna manglande avklaring kring den nasjonale merkerevaren for Besøksenter Verdsarv, har vi fått gjort svært lite innanfor turskiltprosjektet. Vi har fått utsetjing på rapporteringa for midlane frå Gjensidigefondet, og dette tyder at vi hausten 2018 må rapportere for fleire år. Det vert ikkje gjeve utsetjing lengre då prosjektet no skal avsluttast. Men i tilknytning til dette prosjektet fekk vi sett opp nye informasjonstavler på toalettbygget på uteområdet vårt. Her får folk no presentert kart over heile området vårt med eit godt omland, oversyn over aktuelle turar i dei tre bygdene Geiranger, Eidsdal og Norddal, og informasjon om korleis graderingssystemet er bygd opp. I tillegg er det sett opp ein del viktige ferdselsreglar.

På ein eigen vegg gjev vi òg informasjon om området som vinterdestinasjon. Dette er meint som ein appetittvekkjar. Vi merkar oss at svært mange les og studerer informasjonen på dette punktet.

4.2 Råsrydding

Som tidlegare år har verdsarvstiftinga hatt ansvaret for råsryddinga med utgangspunkt i bygda Geiranger. Arbeidet vart i år utført av Martinus Rønneberg, Lars Anders Hoel, Daniel Rønneberg, Ole Jakob Rønneberg og Sigurd Rønneberg. Formidlingsleiar var med på nokre oppdrag grunna sjukdomsfråfall.

Alle raser frå tidlegare oppsett vart rydda. I tillegg kom det til nokre raser i Gråsteindalen. I år rydda vi også to dagar i Kilstimarkene i Eidsdal. Det var òg planlagt ein dag i Norddal, men denne gjekk ut pga. dårleg vær.

Utanom Geiranger er arbeidet med rydding, merking og skilting utført på dugnad av frivillige lag og organisasjonar. Frivillige einskildpersonar har tatt på seg ansvar for skilting og merking i Geiranger. Stiftinga følgjer opp dette arbeidet.

4.3 Tilretteleggingstiltak i Skagehola

Grunna fleire ulukker knytt til ombordstigning og ilandstigning frå båt i Skagehola, vert det frå fleire uttrykt sterke ynskje om å få på plass tilretteleggingstiltak som kunne gjere forholda tryggare.



Besøk frå Vegaøyen Verdsarv.



Friluftscamp i Herdalen.



Festmiddag Norges VA 10 år. Tale ved Hans Erik Ringkjøb, leiar vårt VA-råd.



Utsiktsrydding ved Ørnevegen.

Stiftinga inngjekk avtale med grunneigar og tok ansvaret for å få opp stenderar og kjetting som folk kunne halde seg i ved ferdsel i Skagehola. Det vart òg gjort nokre utbetringar på rekkverka lenger oppe langt råsa til Skageflå. Eidsdal Bygdesørvis stod for arbeidet.

4.4 Bistand i arbeidet til verneområdestyret

I sommar vart råsa til Løsta stengt grunna fare for at ein fjellhammar kunne rase ut. Då verneområdestyret ikkje hadde kapasitet til å følgje opp denne saka, tok Stiftinga på seg ansvaret med å engasjere geolog til å vurdere forhold og ev. tiltak. Vi engasjerte seinare Trollteam fjellsikring til å utbetre forholda. Sprengingsarbeid vart gjennomført, men den siste oppreinskinga måtte utsetjast pga. snøfall.

Likeeins tok vi ansvar for å stenge av eit område under Storsæterfossen pga. laust rekkverk. Også her gjorde Trollteam fjellsikring utbetningsarbeid.

Stiftinga hadde den administrative oppfølginga av desse prosjekta, medan verneområdeforvaltinga tok alle kostnader.

4.5 Utsiktsrydding

Det er gjennomført utsiktsrydding i området nedanfor Møllstunet, nedover til Grande og innover Maråkkstranda til ferjekaia. Målsetjinga med arbeidet er å få rydda bort vegetasjon langs vegen slik at ein opnar opp landskapet for dei reisande. Stiftinga har hatt ansvaret for arbeidet som er finansiert gjennom eigne midlar (eiga ordning) frå Fylkesmannen. Valldal Bygdeservice har vore utførande aktør. Arbeidet vil halde fram i 2018, og det skal leverast sluttrapport då.



Istandsetjing stabbur på Norsk Fjordsenter.

5.0 Istandsetjing - kulturarven

5.1 Ljøkaia

Ljøkaia vart ferdig restaurert i 2017 etter ein prosess som har gått over fleire år. Kaia er no sikra i fronten ved at det er støypt og sett opp netting. Det er støypt nytt toppdekke med ilagt armering, og det er sett opp nytt bolverk og fleire feste for fortøyning.

Christie Opsahl har vore utførande entreprenør. Grunnei-

garane har støypt den inste delen på dugnad. Ein særleg takk bør gå til Møre og Romsdal fylkeskommune som har gjeve oss god fagleg bistand i anbodsarbeidet og elles i prosessen.

Arbeidet vart ferdigstilt i mai/juni, og vi vonar kaia og området ikring no vert tatt endå meir i bruk!

Før markering på Ljøkaia, fekk grunneigar òg lagt torv på nauttaket som vi restaurerte for nokre år sidan.

5.2 Stabbur Norsk Fjordsenter

Arbeidet med istandsetjing av stabburet vårt kom i gang på seinhausten og vart ikkje heilt fullført grunna snøfall og

ugunstige forhold for å grave torv.

Kåre Løvoll vart engasjert som handverkar. Han er ein av dei som har mest erfaring med restaureringsarbeid i vårt område. Alle vindauga er no skifta, og det er skifta fleire bord i bygget. Ein del av det profilerte listverket kring døra er òg skifta ut med tilsvarande lister. Likeeins har ein sett på nye pyntedetaljar der desse var skada/øydelagde.

Taket er førebels tetta, og det er planlagt å leggje torv til våren. Då må vi òg vurdere om bygget skal målast slik det har vore originalt. I tillegg kan det vere aktuelt å utbetre andre mindre skader.

5.3 Storfjordens Venner

Vi har i 2017 stilt i overkant av 10 % stilling til rådvelde for Storfjordens Venner. Dette har i hovudsak vore lagt til administrasjons- og økonomileiar. Aktuelle oppgåver har vore:

- Planlegging, gjennomføring og etterarbeid styremøte.
- Deltaking på drøftingsmøte med fylkeskommunen.
- Planlegging og gjennomføring av Storfjordstemnet på Langskipsøya, Ørskog.
- Planlegging og organisering av fire fellesturar til ulike fjordgardar langs Storfjorden.
- Ta imot og svare på innspel og spørsmål frå medlemmar, grunneigarar, organisasjonar mv.

I tillegg til det nemnde arbeidet, sel Stiftinga rekneskapstenester til Storfjordens Venner.



Fossevandringa opp til Fjordsenteret er ei fin oppleving og ein kjekk aktivitet. Foto Finn Loftesnes.

6.0 Forsking, ivaretaking og utvikling «Grøn fjord 2020»

I tillegg til nokre av prosjekta og tiltaka nemnd tidlegare i meldinga, er dei fleste aktivitetane innafør dette hovudområde knytt til den største satsinga vår, «Grøn fjord 2020».

6.1 FoU

Geofaglege studentarbeid

Vi har inngått ein samarbeidsavtale med Universitetet i Bergen (UiB). Ein konsekvens av dette samarbeidet er at vi no får datert ein del geologisk materiale frå området, og såleis kan seie noko om når ulike delar av området vart isfritt. Dette vil bidra til å auke kunnskapen om korleis landskapet her har blitt danna, og i kva tidsbolkar ulike ting har skjedd reint geologisk.

Ein annan konsekvens av samarbeidet er at UiB jamleg foreslår ulike masteroppgåver for sine studentar knytt til dette området. I desember la Line Nygård fram si Masteroppgåve der ho har brukt Gråsteindalen som feltområdet og sett på korleis dette området har blitt danna. Formidlingsleiar deltok under framlegginga av oppgåva i Bergen, og vi får tilgang til heile oppgåva til Nygård. Bergensturen gav òg moglegheiter for å bli nærmare kjent med fleire fagmiljø ved UiB, og også presentere vårt område som eit aktuelt forskingsområde for fleire avdelingar ved UiB.

Sommaren 2017 kom to andre masterstudentar i gang med sine oppgåver knytt til vårt delområde. Den eine oppgåva tek for seg området Djupdalen i Geiranger, forlengta over mot Skagedalen. Moreneryggane i landskapet fortel om klare samanhengar mellom desse områda.

Den andre oppgåva konsentrerer seg om områda kring Eidsheia i Eidsdal. Areal femnar m.a. om dei to fjellvatna Oaldsvatnet og Svartevatnet, og er eit relativt vidt område. Ein morenerygg på austsida av Tretindanibba-massivet har særleg fanga interessa her.

Våren 2018 har elles UiB planar om å leggje eit internasjonalt geologiseminar til Geiranger.

Air Quality monitoring

Mot slutten av 2015 inngjekk verdsarvstiftinga eit nytt forskingssamarbeid med Universitetet i Bonn og professor Löffler. Vi syner til årsmelding for 2016 for nærmare orientering om bakgrunn for arbeidet.

I 2017 har vi fått på plass fleire måleindikatorar. Vi held fram med målingar på tre ulike målestasjonar på tre ulike

høgder over havet. I tillegg gjennomførte Universitetet i Bonn òg mobile målingar dette året. Målingane omfattar PM (svevestøv av ulike storleik), Karbonmonoksid (CO), Nitrogenoksid (NOx), Ozon (O3), Svovledioksid (SO2). Ein særleg viktig del av arbeidet har blitt å få kunnskap om korleis svevestøvet beveger seg i fjordsystemet, avhengig av ulike vêrforhold og topografien i landskapet. Dette er pilotforsking og ei viktig årsak til at Professor Löffler har vore restriktiv med å offentliggjere alle delar av arbeidet før han kan gje valide forklaringar på resultatane.

Det er pr. januar 2018 ikkje levert ein offisiell rapport på funna i 2017, men denne er venta å komme til Grøn fjord konferansen der Proffesor Löffler òg vil halde eit innlegg om luftkvalitetsmålingane. Sterkt forenkla kan vi slå fast at Geiranger i sommarsesongen har luftforureining på same nivå som ein middels stor europeisk by når det gjeld svevestøv.

I 2017 har vi òg hatt kontakt med Folkehelsetilsynet om målingane, og dei gjev uttrykk for at Stranda kommune (som ansvarleg mynde) bør setje i verk tiltak. Det er elles ei stor utfordring at nasjonale grenseverdier for m.a. svevestøv referer til årsgjennomsnitt. Dette er ikkje relevant for Geiranger, og det må arbeidast for at vi kan forhalde oss til gjennomsnittsverdier for halvår, jamfør vedtak i styret vårt.

Støymålingar

I 2017 vart det etablert ein målestasjon for støymåling på Maråk i Geiranger. Også denne stasjonen vart oppretta som ein del av samarbeidet med Universitetet i Bonn ved Professor Jörg Löffler. Stasjonen skil mellom naturlydar og trafikkstøy/annan menneskeskapt støy. Målingane syner at området vert forureina av støy, men at vêrforholda verkar inn på kor belastande dette er. Støyproblematikken er relativt lokal, men kan vere ei klar belastning for særleg lokalbefolkninga på staden.

SUSTRANS

Målsetjinga med dette forskingsprosjektet er å utvikle ein ny metodologi for å vurdere berekraftig transport i rurale turistområder med store transportutfordringar. NTNU Ålesund er prosjekteigar. Partnerar: SINTEF, Høgskulen i Volda, Universitetet i Bonn. Stiftinga er med i referansegruppa.

Prosjektet starta offisielt i april. Det er gjennomført innleiande kick-off, og intervju/datainnsamling. Innsamla trafikkdata (film frå mange punkt i Geiranger) vert no analysert.

Stiftinga har delteke på kick-off og har også vore intervjuar om den trafikale situasjonen i Geiranger.





Frå fjellturen over Vinsåshornet sommaren 2017.

– vår fjordarv vår framtid



VERDSARV
Geirangerfjorden



Luftforureining frå m.a. cruiseskip er ei utfordring for området vårt.



VERDSARV
Geirangerfjorden

– vår fjordarv vår framtid



Ei berekraftig utvikling av verdsarvområdet føreset spreiring av trafikk over året. Vinteren har utan tvil mykje å by på! Foto: Martin Kristoffersen.

– vår fjordarv vår framtid



VERDSARV
Geirangerfjorden

HHH – Hellesylt Hydrogen Hub

Målsetjinga med dette prosjektet er å kartlegge moglegheit-er og problemstillingar, både teknisk og økonomisk, for alternative energikjelder som substitutt for fossilt brensel i transporttenester på verdsarvfjorden Hellesylt – Geiranger. Prosjekteigar er Stranda kommune. Partnerar er mellom anna Bellona, Stranda Energiverk, Småkraftforeininga, Lokale småkraftverk, Norsk Hydrogenforum og Hexagon Raufoss. Stiftinga er partner i prosjektet. Det vart levert sluttrapport for prosjektet hausten 2017.

Det er gjort eit svært omfattande dokumentasjonsarbeid for å analysere mogleghetsrommet (m.a. teknisk, økonomisk) for etablering av hydrogenproduksjon basert på overskottskraft frå småkraftverk i Sunnylvn i Stranda kommune. Dette arbeidet viser at ei slik satsing er fullt ut mogleg. Fleire større aktørar kan tenkje seg å etablere eit selskap som skal stå for produksjon og distribusjon av hydrogen, men vil avvente etablering inntil aktuelle aktørar gir klare signal på at ein ønskjer å ta i bruk hydrogen som drivstoff for farty som driv transportverksemd på fjorden (ferjer, annan fjordtrafikk). Det er også opp til styresmaktene å gi sterke nok incitament til at aktørane torer å satse på nullutslippsteknologi.

Kommersielle ferjekonsesjonar

Prosjektet skal undersøkje og finne svar på korleis vi kan byggje eit heilskapleg kommersielt system/modell for innanriks sjøfart som fremjer/stiller krav til låg- og nullutslippsteknologi, utan at aktiviteten i seg sjølv forsvinn.

Stranda kommune eig prosjektet. Andre partnerar: MR fylke, Stranda Hamnevesen, Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv/Grøn fjord og Destinasjon Geirangerfjord.

Prosjektet vart sett ut på anbod til Det Norske Veritas GL (DNV GL). Stiftinga har elles vore lite aktive i prosjektet anna enn i innleiande fase, hovudsakleg fordi dette har vore eit utgreiingsarbeid der fagkompetanse innanfor feltet har vore det aller viktigaste. Offisiell rapport frå prosjektet vart lagt fram under Grøn fjord konferansen.

PROWAD

PROWAD – Protect and prosper: Benefits through linking sustainable growth with nature protection (PROWAD LINK)

Dette prosjektet er initiert av Common Wadden Sea Secretariat, eit transnasjonal verdsarvområde, og dei er òg prosjekteigar. Vi er inviterte inn som norske partnerar saman med NTNU og Møreforskning. Elles mange internasjonale partnerar frå Tyskland, Danmark og England (Jurassic park).

Målsetjinga med prosjektet er å hjelpe lokale små og mel-

lomstore bedrifter (SMEs) å nyttiggjøre seg vernestatus ved å få tilgang til kunnskapsbasar. Dette vil ein gjere ved å skape funksjonelle “NatureBusinessBenefitCycles”. Utgangspunkt: At verdsarvstatus berre bidreg til økonomisk vekst i eit område dersom ein har eit bevisst forhold til å bruke statusen til noko. Jurassic park og Wadden Sea ser ut til å ha lukkast i så måte. Dei viser til 111 mill. pund per år til Dorset and East Devon økonomien og støtte til opp til 2000 jobbar. 90 prosent av bedriftene meinte at verdsarvstatusen bidreg positivt til deira bedrift.

Prosjektet har i fyrste runde fått avslag på søknad. I etterkant er det helde nye møte for å sjå nærmare på korleis vi kan gjere denne søknaden meir relevant for partnerane. Endeleg svar på søknaden vil liggje føre sommaren 2018. Else Ragni Yttredal har fylgd opp dette prosjektet frå vår side, og det har vore lagt ned ein god del arbeid for å få prosjektet til å balansere mellom ulike interesser på ein god måte. Det er viktig at arbeidet kan koplast til prosjekt vi allereie er godt i gang med, men vi meiner òg det er spennande og inspirerande å få på plass internasjonale samarbeid med andre verdsarvområde.

ELIMA

Earthquake-Triggered Landslides in Moderate-Seismicity Areas (tidlegare ETLiN)

Eigar av prosjektet: – Universitetet i Bergen, Det Matematisk – Naturvitenskapelige Fakultet, Institutt for geoviten-skap. Prosjektleder Mathilde Sørensen. Prosjektet har mange nasjonale og internasjonale partnerar mellom anna NVE og Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv.

Dette dreiar seg om forskning knytt til jordskjelvtløyse ras og tsunamiar, sjå på historiske data og betre forstå samanhengane, og utvikle metodar for å forstå dette. ETLiN – prosjektet fekk avslag i haust.

Stiftinga har bidrege noko til ny søknad. Vi ser prosjektet som relevant særleg opp mot situasjonen på Åkneset, og for å få meir kunnskap om det levande geologiske landskapet her. Området vårt har stor jordskjelvaktivitet i norsk målestokk, men skjelva er så små at dei ikkje vert registrerte av folk flest.

Overvaking av vasskvalitet

Stiftinga har ei målsetjing om å få på plass overvaking av vasskvalitet i Geirangerfjorden.

Det er samla inn noko datamateriale i Økokyst og gjennom Ferrybox-data for Geirangerfjorden. Vi har vore i kontakt med Lars Golmen i NIVA og Runde Miljøsen-ter og har sendt over eit notat der vi legg fram kva som kan vere interessant for oss. Vi ynskjer å arbeide vidare i 2018 for å sjå på kva som er mest funksjonelt å få på plass.





Styringsgruppa for Grøn fjord 2017-2018

6.2 Berekraftig ivaretaking og utvikling

Miljøfyrtårnsertifisering

Dette året har vi vidareført arbeidet vårt med å motivere til Miljøfyrtårnsertifisering. Vi har inngått ein samarbeidsavtale med Stiftelsen Miljøfyrtårn knytt til Miljøfyrtårnsertifisering på destinasjon. Dette er fyrste gongen Stiftelsen Miljøfyrtårn prøver ut ein slik avtale, og for oss/våre Grøn fjord partnerar er dette ei svært god løysing både fagleg og økonomisk.

Denne hausten har òg ein av våre tilsette, Einar Hoel, gått kurs for å kunne arbeide som Miljøfyrtårnkonulent. Einar skal følgje opp miljøfyrtårnarbeidet lokalt, og målsetjinga er at området såleis skal få ei enda betre oppfølging på sikt.

Vi har òg sett i gang ein ny runde med sertifisering.

Gamle hus – ny bruk

Vi fekk midlar til dette prosjektet gjennom «Verdiskapingsprogrammet for kulturarven». Prosjektmidlar vart tildelt gjennom Riksantikvaren.

Forprosjektet «Gamle hus – ny bruk» vart gjennomført i 2017 og hadde som mål:

1. Å vurdere moglegheitene for vidareføring av arbeidet med verdiskaping basert på gamle hus i verdsarvområdet Geirangerfjord med omland.
2. Å identifisere satsingsområde dersom ei slik vidareføring er aktuell. Det er levert eigen prosjektrapport.

– vår fjordarv vår framtid



Gruppearbeid på partnerskapsamling i Grøn Fjord rørsla.



Årets strategisamling vart lagt til Brimistugu i Lom.



Undervising med Henriette Linge (UiB) for mellomsteget i Geiranger og Eidsdal.

Forprosjektet har gjort at Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv har:

- God oversikt (med kontaktinformasjon) over eigarar av fjordgardar og seterhus i og rundt Geirangerfjorden Verdsarv. Dette er også svært nyttig i arbeidet i verdsarvområdet knytt til svært mange andre saker der kontakt med eigarar er nødvendig.
- Potensielle eigedomar og kontaktpersonar for samarbeid om verdiskaping er identifiserte og kartfesta.
- God oversikt over ønskje og planar knytt til verdiskaping knytt til desse eigedomane.
- God oversikt over utfordringar og suksessfaktorar i det vidare arbeidet med verdiskaping knytt til gamle hus.
- Det er oppnådd kontakt og dialog med vernemyndigheter både på kultur- og natursida om verdiskaping knytt til gamle hus.
- Det er oppnådd kontakt med nokre få, men viktige samarbeidspartnarar på næringsida. Desse er knytt både til utleige, sal- og marknadsføring og aktivitetar.

Som resultat av forprosjektet er det identifisert tre satsingsområde for det vidare arbeidet:

1. Utleige.
 2. Felles plattform for sal av marknadsføring av «verdsarvopplevingar» med vekt på ivaretaking av kultur- og natur i tråd med verdsarvverdiane.
 3. Kunnskapsvandringar.
- Desse tre satsingsområda vil bli vidareført i ein søknad om hovudprosjekt.

Besøksforvaltingsplan for Vestnorsk fjordlandskap

Nærøyfjorden Verdsarvpark er prosjekteigar. Partnerar er NMB, TØI, Aurland naturverkstad, Naturverkstaden Valdres, Vestlandforskning, Fennia AS, HSR, Visit Sognefjord, Destinasjon Geirangerfjord – Trollstigen. Hanne Lykkja har vore prosjektleiar.

Det har vore eit 3-årig prosjekt som skulle vere ferdig ved årsslutt 2017. Stiftinga har delteke i arbeidsgruppe der formidlingsleiar har delteke. Vi har særleg vore delaktige med leveransar til landskapsanalysane. I tillegg vart det på tampen av året gjort eit omfattande arbeid knytt til kartlegging av turstiar og omfanget og bruken av desse, samt diverse annan infrastruktur i Geirangerområdet. Disposisjon av planen vart lagt fram for Verdsarvrådet i møte i november 2017, men rådet har førebels ikkje fått presentert endeleg plan. Det vert òg drøfta kva status planen skal ha og korleis den ev. skal handsamast på kom-

munalt og fylkeskommunalt nivå. Dette må ein ta endeleg stilling til når rådet får presentert det endelege planutkastet.

Masterplan Geiranger

Geiranger mottok i 2017 to millionar i støtte frå Klima og miljødepartementet for å lage ein Masterplan for bygda. Det er Geiranger Utvikling som er prosjekteigar, og Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv har delteke som medlem av styringsgruppa i prosjektet. Dei øvrige i styringsgruppa er:

Harald Espeland, styreleiar
Geiranger Utvikling AS,

Helle Jensen, Dagleg leiar
Geiranger Fjordservice AS,

Rita Berstad Maraak, Havnesjef,
Stranda Hamnevesen KF

Monja M. Mjelva, Hotel Union Geiranger
(representant for hotellinteressentane)

Merete Løvoll Rønneberg, Formidlingsleiar i Stiftinga
Geirangerfjorden Verdsarv (SGV)

Jan Ove Tryggestad, Ordførar Stranda kommune.

Geir Gjørva, Handelsstanden i Geiranger

Tor Hole, Hole Hytteutleige
(representant for hytte-/campinginteressentane)

Torbjørn Arntsen, Geiranger Turbuss AS
og Geiranger Taxi

Ragna Brenne Bjerkeset, Assisterende regional-
og næringssjef Møre og Romsdal fylkeskommune

Lisbeth Smørholm, Seksjonssjef Plan-
og trafikkstasjonen Møre og Romsdal, SVV

Rolf Sandvik, Dagleg leiar The Fjords DA

Pål Farstad^{1*}, Tidlegare stortingspolitikar

Trond Amland^{*}, Seniorrådgjevar NCE Tourism Fjord Norge

Tove Gjerde^{*}, Skule-/barnehage – oppvekst –
innbyggjar

Oddbjørg Solhaug^{*}, Landbruk/frivillige organisasjonar –
innbyggjar

Marit Giske-Nilsen (observatør), Innovasjon Norge

1 * Pål Farstad fratrådde styringsgruppa 6. desember på grunn av ny stilling som reiselivsdirektør i Nordmøre og Romsdal. På det første møtet med styringsgruppa vart det semje om å utvide gruppa for å sikre ei betre lokal forankring av prosessen, og frå 2018 er styringsgruppa utvida med tre nye medlemmer der to er lokale representantar.

Det er halde to samlingar med styringsgruppa undervegs i prosessen. Det er òg gjennomført intervju med deltakarane i styringsgruppa.

For Stiftinga har det vore viktig å peike på verdsarverdi-ane og viktigheita av å ta vare på desse for framtida, samt tenkje verdiskaping basert på natur- og kulturkvalitetane. I tillegg har vi vore pådrivarar for at arbeidet skal ha god lokal forankring.

Endeleg rapport frå forprosjektet vart lagt fram i januar/februar 2018. Føremålet til forstudien har vore «å avklare sentrale problemstillinger knytt til den fremtidige utvikling av Geiranger som reisemål med utgangspunkt i de lokale næringslivsaktørenes interesser. Forhold som vi har sett nærmere på er reiselivstilbudet, aktiviteter og attraksjoner, natur og kulturtilbudet, utviklingen i Geiranger sammenlignet med andre destinasjoner, kommunal planlegging og kommunens rolle». Menon Economics har hatt oppdrag med å gjennomføre forstudien til masterplanen for Geiranger.

Berekraftig reisemål

Stiftinga har delteke i arbeidet for å sertifisere Geiranger som berekraftig reisemål. Prosjektet går i regi av Geiranger Utvikling og Ove Skylstad er prosjektleiar. Ordninga sorterer under Innovasjon Norge og Anne Dorthe Carlson er vår prosjektvegleiar. Vi er no inne i tredje fase, og arbeidet held såleis fram inn i 2018. Stiftinga bidreg særleg med materiale knytt til natur og kulturkvalitetar, forvaltning og attraksjonar.

Sjøfartsdirektoratet sitt arbeid knytt til fjordforvaltninga

I mai 2017 leverte Sjøfartsdirektoratet sin rapport, etter at dei fekk i oppdrag frå KLD å

- Kartlegge utslepp til luft og sjø frå skipsfarten i Geirangerfjorden, Aurlandsfjorden og Nærøyfjorden i sommarhalvåret 2016 (og kanskje fleire år).
- Foreslå tiltak som kan redusere utslepp til luft og sjø.

Rapporten konkluderte med framlegg til fleire konkrete tiltak.

I juli fekk Sjøfartsdirektoratet eit nytt oppdrag frå KLD der dei innan 1. januar 2018 skulle:

- Vurdere moglegheitene for å innføre maksimal hastigheit for skip i definerte soner i verdsarvfjordane.
- Utgreie nærmare om det kan fastsetjast som krav at røyk frå skip i verdsarvfjordane skal ha tettheit som maksimalt reduserer gjennomsiktigheita med 50% under kaldstart og 10% under seilas.

I tråd med tilrådingane i rapporten frå mai 2017 vert Sjøfartsdirektoratet bedne om å arbeide for å gjennomføre tiltak gjeldande for all kommersiell trafikk i VA-fjordane, både lokal og internasjonal trafikk, innan utgangen av 2018:

- Stille krav om at skip skal ha eit NO_x-utslipp som ikkje overstig verdiane gjeve i MARPOL Vedlegg VI, regel 13.4 (Tier II) innan 2018 og regel 13.5 (Tier III) frå tidlegast 2020. Tidspunkt for når desse krava skal tre i kraft må avklarast etter nærmare vurdering.
- Stille krav til at det drivstoffet som vert brukt skal ha eit svovelinnhald som ikkje overstig 0,10 %, eventuelt bruk av eit reinsesystem (scrubbar) som gjev tilsvarande eller lågare utslepp av svoveloksid. Ved bruk av reinsesystem skal synleg vassdamp fjernast frå avgassen.
- Nærmare vurdering med sikte på forbod mot utslepp av vaskevatt frå scrubbarar.
- Nærmare vurdering med sikte på forbod mot utslepp av gråvatn.
- Nærmare vurdering med sikte på forbod mot utslepp av kloakk, ureinsa og reinsa.

Bjørn Pedersen frå Sjøfart deltek på Grøn fjord konferansen og vil der gjere nærmare greie for dette arbeidet.

Lyssetjing Fossevandringa i Geiranger

Stiftinga har vore ein pådrivar for at Fossevandringa skulle lyssetjast slik at det var lettare å bruke den som gangveg vinterstid, og samstundes kan dette vere med og auke attraksjonsverdien til bygda om vinteren.

Sunnmøre Regionråd ved Einar Haram har vore engasjert som prosjektleiar i dette prosjektet. Finanisering har vore omsøkt gjennom eksterne kjelder. Ved utgangen av året hadde vi fått prosjektet fullfinansiert gjennom midlar frå Sparebanken Møre, Møre og Romsdal fylkeskommune og Stranda kommune. Kommunen er naturleg nok òg prosjekteigar.

Vi har hatt ein konkurranse på lyskonsept der Zenisk sitt framlegg er valt.

Prosjektet vert å realisere i 2018.

Grønt landbruk i Eidsdal

Prosjektet Grønt landbruk i Eidsdal vart avslutta i 2017. Her har Landbruk Nordvest hatt prosjektleiinga. Stiftinga Geirangerfjorden verdsarv deltok i styringsgruppa. Prosjektet er òg omtale i årsmeldinga for 2016.

Målgruppa var primært det aktive landbruksmiljøet i bygda, men ein meinte at heile bygdesamfunnet kunne bli involvert i arbeidet og resultatane av det.

Nytten av prosjektet skulle vurderast på fleire område. Det tradisjonelle landbruket i bygda skal ha fått betre reiskap og beslutningsgrunnlag for å oppnå meir miljøvennleg drift. Prosjektet skal ha lagt til rette for meir beitende dyr i kulturlandskapet i bygda, og det skal ha lagt til rette for at personar i bygda som vil etablere seg med foredling og sal av særleg lokal mat, har best mogeleg føresetnader til det.

Det er òg ei målsetting at ny aktivitet fører til at nye familiar etablerer seg i bygda.

Konkret måloppnåing i prosjektperioden er liten, men fleire av prosessane i prosjektet har gjeve deltakarane meir kunnskap, samt betra beslutningsgrunnlag for framtidige tiltak retta inn mot klima, miljø og opnare landskap i Eidsdal. Fleire av dei berørte tema i prosjektet krev modningssprosess.

I delprosjekt «opnare landskap – småfe» vart konklusjonen: Det ligg godt til rette for lønsam etablering av fellesfjøs for sau i Eidsdal. Der er potensiale for nok grovforproduksjon i bygda, samt rikeleg med beiteområde. Tomt er også stilt til rådvelde. Utfordringa ligg i å finne mange nok som er interessert i å gå saman om etablering og drift av fjøsen.

I delprosjekt «opnar landskap- storfe» vart konklusjonen: Det ligg godt til rette for lønsam etablering av fjøs for ammeku/oksekjøttproduksjon i Eidsdal. Der er potensiale for nok grovforproduksjon i bygda, samt rikeleg med beiteområde. Tomt er også stilt til rådvelde. Utfordringa ligg i å finne nokon som er interessert i å drifte fjøsen.

Innanfor gruppa som arbeidde med miljøvennleg landbruk, er det innhenta svært mykje kunnskap, og ein har hatt nærmare kartlegging av både bruk av vindenergi og solenergi. Fyrstnemnde er definitivt ikkje økonomisk forsvarleg, medan for solenergi var den økonomiske vinninga marginal.

Fellesfjøs Geiranger

Ved utgangen av 2017 konkluderte dei to gardbrukarane i Geiranger som har arbeidd med å realisere fellesfjøs, om at økonomien i prosjektet ikkje er god nok til at dei vil satse på dette.

Dette var ei svært nedslåande melding å få. Både næringsavdelinga i Stranda kommune og Stiftinga har lagt ned mykje tid og arbeid i dette prosjektet, og Fylkesmannen har stilt relativt store midlar til disposisjon. Uansett er det viktig at drivarane vurderer eit slikt prosjekt som økonomisk forsvarleg. Konklusjonen frå dei aktuelle bøndene er alvorleg sett ut frå interesser knytt til verdsarv, reiseliv og kulturlandskap i seg sjølv i Geiranger. Kanskje må vi la alvoret synke litt inn før vi ser på saka på nytt og vurderer nye tiltak?





Frå utstillinga "Landskap i endring".

Uttalar i plansaker

Stiftinga/styret for stiftinga har levert inn høyringsuttalar i tre sakar:

- Områdereguleringsplan for Geiranger
Planen omfattar sentrumsområdet i Geiranger og omfattar ein heil del tiltak som m.a. etablering av cruisekai, gangveg langs fjorden og i sentrum, bussparkering og bygningsareal.
- Reguleringsplan for Berge massedeponi
Planen omfattar plassering av tunellmasse i Eidsdal. Planen er viktig fordi etableringa av massedeponi kan verke inn på siktlinene til verdsarvområdet
- Forvaltingsplan for rovvilt – region 6
Uttalen omfattar problematikken med at delar av verdsarvområde er forvaltingsområde for jerv. Samstundes er dette viktige beiteområde som vert søkt ivareteke ved at brukarane får tildelt beitetilskot og arealtilskot.

– vår fjordarv vår framtid



VERDSARV
Geirangerfjorden



Norsk Fjordsenter er autorisert som Besøkscenter verdsarv og tilbyr varierte utstillingar, butikk og kafé. Foto Kristoffer Nærø Ytterland.

7.0 Drift / administrasjon

7.1 Tilsette

Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv hadde i 2017 fire fast tilsette, alle i 100 % stilling. Dette fordeler seg på tre kvinner og ein mann. Ein ressurs tilsvarende 0,15 årsverk er disponert av Storfjordens Venner. I tillegg vert det seld rekneskapsressurs til Storfjordfjordens Venner og ein administrativ ressurs til Norsk Fjordsenter AS.

Dagleg leiar Katrin Blomvik avvikla lovfesta foreldrepermisjon i 2017. Merete Løvoll Rønneberg var tilsett som vikar for dagleg leiar i permisjonstida. Det lukkast ikkje å dekke opp permisjon gjennom tilsetting av ekstern vikar i full stilling. Difor har det vore redusert bemanning ved stiftinga i 2017. Oppgåver har vore utført ved noko om-disponering av ressursar, bruk av meistararbeid/overtid og ein del oppgåver har vorte sett på vent. I tillegg har det i perioden februar –desember vore engasjert ein prosjektarbeidar i 20 % stilling. Det har også vore kjøpt inn tenester frå Storfjord Bladlag AS til diverse grafisk arbeid.

Tilsett som var innvilga ulønna utdanningspermisjon fram til hausten 2018, har i løpet av 2017 sagt opp stillinga si.

I perioden april – september var det tilsett inntil seks

sesongarbeidarar ved drifta av Norsk Fjordsenter. Desse arbeide i kafé, butikk og utstilling, i tillegg til reinhald. Dei var både norske og utanlandske, og tilsettingsforhold var av ulik varigheit. I sommarmånadane var det tilsett ein vedlikehaldsarbeidar for plenklipp og anna utandørs vedlikehaldsarbeid. I ein kortare periode arbeide inntil fire personar med råsydding i Geiranger og området rundt.

Stiftinga har offentleg tenestepensjonsordning gjennom avtale med KLP.

Stiftinga hadde lite sjukefråvær i 2017. Det var registrert tre eigenmeldingar og ei sjukmelding frå lege. Totalt utgjorde dette 10 kalenderdagar.

7.2 Bygg/eigedom

Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv leiger bygg/eigedom av Norsk Fjordsenter AS. Stiftinga disponerer lokale på om lag 2000 m². I samsvar med langsiktig leigeavtale har stiftinga ansvar for drift, tilsyn og vedlikehald av bygg. Dette har i 2017 vore ivareteke med eigne tilsette, samt innleige av teknisk personale frå ulike firma.

Stiftinga hadde pr. 31.12.17 framleigeavtale for i alt sju kontor i administrasjonsdelen. Dette omfattar utleige både til offentleg og private firma. I tillegg er fem kontor brukt i eiga drift. To kontor er ledig for utleige.

På uteområdet er det 37 ladepunkt for elbil som Stiftinga har ansvaret for. Firmaet Fortum Markets har etter avtale plassert ein hurtigladestasjon og ein semiladestasjon på eigedommen.

Norsk Fjordsenter vart teke i bruk i 2002 og det er ein del nødvendig vedlikehald og oppgradering som etter kvart må gjerast. I 2017 er det utarbeidd eit forslag til fornying av belysning i kinosal og kafé/butikk. Det vert arbeid vidare med dette i 2018.

7.4 Brann

Flo Brannsikring AS er brannvernleiar for bygget, og saman med stiftinga og eigedoms-selskapet har dei følgd opp rutiner vedrørende brannberedskap og -førebygging. Programvaren Hydradoc vert nytta for å sikre at arbeidet vert følgde opp etter gjeldande forskrifter og gjennomført i rett tid.

Det vart gjennomført to brannøvingar i 2017. Flo Brannsikring AS utførte to kontrollar/inspeksjonar. Det er serviceavtale med Schneider Electric AS for brannvarslingsanlegg. I tillegg er det avtale med AddSecure om ekstern varsling av brannalarm.

7.4 Tekniske installasjonar/anlegg

Det er fleire faste vedlikehaldsavtalar som omfattar fast tilsyn både med tekniske anlegg i bygg og utstyr brukt i drifta. Dette gjev nødvendig tryggleik for at utstyr fungerer og at det er minst eit årleg tilsyn og vedlikehaldsbesøk.

Norsk Heiskontroll utførte i 2017 kontroll av heis. Nokre mindre avvik er lukka og godkjent. EI-kontroll Møre hadde kontroll av elektrisk anlegg på slutten av 2017. Det vart påpeika nokre avvik og desse vert det arbeid med å lukke. Dette gjeld også å få etablert eit interkontrollsystem for elektriske anlegg.

7.5 Miljøfyrtårn

Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv vart sertifisert som Miljøfyrtårn i 2014. Det er hausten 2017 gjennomført eit arbeid med resertifisering med godkjenning tidleg i 2018.



Verdsarvforum i Hammerfest. Delegasjonen frå Vestnorsk framfor Meridianstøtta.



Kart- og skilttavler vart sett opp på toalettbygget ved Fjordsenteret i 2017.

8.0 Norsk Fjordsenter

Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv er ansvarleg for drift av verdsarsenteret Norsk Fjordsenter.

8.1 Besøkande

Norsk Fjordsenter hadde totalt 32.637 betalende besøkande i 2017. Dette er ein auke på 1.527 frå 2016.

Fordeling av besøkande:

Segment	2015	2016	2017	Fordeling 2017 i %
Cruise	16.735	20.980	22.223	68,1 %
Grupper	1.261	1.221	1.100.	3,4 %
Individuelle	7.000	8.909	9.314	28,5 %
SUM	24.996	31.110	32.637	

Fordeling på segment viser ein liten auke av cruise i høve til 2016.

Auke i talet på besøkande, gjer at billettinntekter viser ei auke frå 2016 på om lag kr 340.000 til kr 2.912.000. Billettprisane vart auka med gjennomsnittleg kr 5,- per person.

Telling av personar innom Norsk Fjordsenter viser eit betydeleg høgare tal enn selde billetter og dette viser også eit potensiale for enno større billettsal.

8.2 Visning og pressegrupper

2017 hadde Norsk Fjordsenter besøk av grupper i regi av Geiranger Utvikling, Fjord Norge og Innovasjon Norge. Det har også vore besøk av lærarar frå vidaregåande skular i regionen.

8.3 Butikk

Butikksalet viser auke i omsetning på om lag kr 90.000 til kr 585.000,-. Det er positivt at butikksal viser ei positiv utvikling etter ein nedgang i 2016.

8.4 Kafé

Sal/servering av mat i og drikke i kafeen har om lag same omsetning i 2017 som året før, om lag kr 500.000. Vareutvalet i kafeen er stort sett som i 2016 og det har vore mindre oppjusteringar av prisane.

8.5 Skjenkekontroll

Det var to kontrollar i 2017, ingen merknader.

8.6 Mattilsynet

Det vart utført to kontrollar frå Mattilsynet i 2017, ingen merknader. I samsvar med merking/rapportering etter inspeksjon vart det gjeve smilefjes :-)

8.7 LO si sommarpatrulje

Sommarpatruljen var på besøk for oppfølging av sesongtilsette. Patruljen gav positiv tilbakemelding for arbeidsavtalar, arbeidsplanar, arbeidstid mm.

8.8 Marknadsaktiviteter 2017

Det har vore eit samarbeid med Cruise Pass Norge med eit fordelskort til cruisepassasjerar. Med Fjord Tours er det samarbeid om marknadsføring og sal overfor busspassasjerar. Ingen av desse avtalane har gjeve noko ekstra sal i 2017.

Det har vore avtale med City Sightseeing om sal av kombinasjonsbilletter på «raude bussar». Dette gav eit visst sal, men ikkje på eit nivå som forsvarar ekstra belastning i form av trafikk og bruk av vårt anlegg. Avtalen vert ikkje vidareført i 2018.

Det har vore eit samarbeid med Hotel Union om messer/workshops i utlandet. Stiftinga har på denne måten vore representert i London, Tokyo, Kina, Brasil og USA.

Hausten 2017 gjennomførte driftsleiar kundebesøk hos dei viktigaste cruiseoperatørane. Dette omfatta European Cruise Handling, Nordic Cruise Service, Nordic Gateway, Olsen Cruise Service og DMC. Dette er ein viktig aktivitet for oppfølging av kundar, både for å gje og få tilbakemeldingar. Berg Hansen Reisebyrå har vore besøkt for innsal av grupper frå Ekornes Møbler.

Det er billettsamarbeid/rabattavtale med Norsk Tindesenter, Valldal Naturopplevingar, Norsk Fjellsenter og Akvariet i Ålesund. Det er også godt samarbeid med Geiranger Fjord-service.

9.0 Rekneskap

Vidare drift vert lagt til grunn for rekneskapan 2017. Oppstillinga nedanfor gjev ein oversikt av utvikling, resultat og stilling for Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv.

Rekneskap 2012-2017. Tal i 1000 krone

	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Driftsinntekter	8.633	10.055	10.590	10.572	11.571	12.510
Resultat før skatt	199	128	97	73	31	14
Eigenkapital	2.559	2.687	2.784	2.852	2.878	2.892

Sum driftsinntekter inkluderer offentlege tilskot. Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv hadde eit resultat etter skatt for 2017 på kr 13.592 som går til styrking av eigenkapitalen.

I 2017 vart det gjort ei nedskrivning av varelager for ukurans på kr. 322.519. Dette er belasta rekneskapan og påverkar Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv sitt driftsresultat.



På friluftscampen i Herdalen bygde borna gapahuk.



VERDSARV
Geirangerfjorden